



Hardangerrådet iks



Skyss
v/ direktør Målfrid Vik Sønstabø
Postboks 7900
5020 BERGEN
skyss@skyss.no

Uttale frå HR vedr. føreslegen driftsperiode i 2021 for Turistbåtruta på Hardangerfjorden

Vi viser til mottatt kopi av brev frå Norled dat. 15.02.2021 vedr. Søknad om endret produksjon av Hardangerruten 2021 og til nettmøte mellom Skyss, Hardangerrådet og Visit Hardangerfjord 18.02.2021

Norled har i brev til Skyss søkt om å få endra driftsperioden i 2021 frå opprinneleg 1. april - 31. oktober til 21. juni - 8. august.

Hardangerrådet har følgjande kommentarar til søknaden:

- Norled skriv i søknaden at dei vil følgje utviklinga i turistmarkanden tett og er innstilte på å utvida sesongen ut over sett dato om dette skulle visa seg å verta forsvarleg.

Dette meiner Hardangerrådet er ein alt for defensiv strategi for turistbåtruta denne sommaren. Covid 19 vil prega sommaren også dette året, men kanskje i langt mindre grad enn sommaren 2020. Om framdrifta i vaksining går som planlagt vil dei fleste nordmenn vera ferdigvaksinerte før sommaren og kan dermed reisa i større grad på fritidsreiser i eige land. Kva som vert talet på utanlandske passasjer på båtruta er uvisst, men opning av grenser og vaksining over heile verda kan gje meir normale tilstandar på ettersommaren. Hardangerrådet meiner difor at sluttdatoen for båtruta bør setjast til 29. august. Det harmonerer med avslutninga for den store ferieperioden for norske turistar.

- Om ein no marknadsfører ruta med siste driftsdag 8. august vil det naturleg ikkje koma tingingar for datoar etter dette. Besøkjande vil planleggja turar etter 8. august utan å nytta turistbåtruta.
- Å byggja opp att passasjergrunnlaget for denne ruta krev føreseielege ruteplanar som vert publisert no, ikkje som ei "overraskande" forlenging etter 8. august "om det skulle vera forsvarleg".

- Det er viktig at sommarruter som “heng saman” vert planlagt med mest mogeleg like driftsperiodar. Dette gjeld t.d. for korrespondansen på Lofthus med Siderbåten og korrespondansen i Herand med buss til og frå sommarskiseret på Folgefonna.

Hardangerrådet krev at Turistbåtruta på Hardangerfjorden 2021 går f.o.m. mandag 21. juni t.o.m. søndag 29. august.

Kinsarvik 19.02.2021

Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Torgeir Næss
rådsordførar
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Jostein Eitrheim
dagleg leiar